

Osingen



Årsskrift 1991
Utgjeve av Os Mållag

Osingen

Utgeve av
Os Mållag

1991

INNHALD:

Jorunn Ravnskog: Trø over grenser	side	1
Henning Henriksen: Oselvarlaget	side	2
Sjur Veim: Oselvo – ei lakseelv	side	5
Barnesider av elever ved klasse 5A, 5B og 6B på Os skule ...	side	8
Trygve Nesse: Os gymnas 25 år	side	10
Bente Bratlund Mæland: Lokalsamfunnet endrar seg	side	11
Øyvind Hobberstad: Venting	side	15
Lars Skorpen: Os Aeroklubb rundar 45 år	side	16
Henning Henriksen: Ein europameister frå Øyane	side	19

Fargebilete av Helge Haukeland.

Skriftnemnd:

Samson Børke
Henning Henriksen
Kåre Herdlevær
Margit Tøsdal
Bente Bratlund Mæland

Framsida er teikna av:

Bernt Kristiansen

Trykk:

Risan Trykk A.s, Hjelle, 5200 Os

Kr. 25,—

Til lesaren

Det gler oss i skriftnemnda når det kjem positive reaksjonar frå folk som seier dei har hatt hygge av møtet med «Osingen».

Os mållag takkar hjarteleg for all velvilje, og vi vonar at årsskriftet også denne gongen kan bli brukt som ei kjærkomen lita julehelsing med lokalfarge. Lokalfargen er og meir enn berre symbolsk dette året.

Heftet vårt har, som de vil sjå, nemleg fått fargesider med motiv frå det rike fugle- og dyrelivet i bygda vår.

Somme vil kanskje ha glede av desse i glas og ramme?

Det fins lesarar som har teke vare på alle utgåvene av «Osingen» på grunn av det aktuelle lokalstoffet. Somme ser dette som ei oppfølging og utfylling av innhaldet i dei glimrande lokale bygdesogene våre som osingar med god grunn er stolte av.

Dette å søkja etter røter synest å vera eit behov i vår tid.

Ved slektsgransking, lokalhistoriske interesser, fornying av folkekunst og annan kulturell eigenart, prøver mange no å finna attende til det ekte og opphavelige i eigen kulturtradisjon.

Nynorsk har etterkvart vunne aukande respekt og prestisje, og fleire og fleire torer trygt tala sin dialekt.


Dette er ei god og gledeleg utvikling som Os mållag og skriftnemnda gjerne vil medverka til.

For sjuande gongen sender vi ut «Osingen», og det er vår von at sju framleis må vera eit lykketal, slik det har vore sett på frå urgamal tid.

Vi ønskjer lesarane våre ei koseleg hyggestund med den sjuande «Osingen»

Gledeleg jul!

Helsing skriftnemnda.



Helsing


Til

.....

Med dei beste ynskje om **god jul og eit godt nytt år!**

Frå

.....



TRØ OVER GRENSE

av Jorunn Ravnskog

Eg ville so gjerne
lyfte handa mi
og stryke trøytteiken din bort.
Men eg kan ikkje trø over grenser.

Eg ville so gjerne
tale milde, gode ord til deg
og vaske bort tårene dine.
Men eg kan ikkje trø over grenser.

Eg vil so gjerne
ein gong, ein lukkeleg gong
kome deg nær og vere god mot deg
og trø over menneskebod og grenser.

Teikning: B. Kristiansen

OSELVARLAGET

av Henning Henriksen



Oselvarar mellom inste og yste moloen.

Treng me ta vare på oselvarane våre? Dette spørsmålet sat Jimmy Øvredal og Nilmar Søvik og snakka om i naustet til Nilmar ein sommarmveld i fjor. Dei meinte begge at det var reint for gale at ikkje desse gamle båtane vart tekne betre vare på.

Dei vart ikkje sitjande lenge med hendene i fanget og fella tårer over dei mange oselvarane som stod ubrukte og ustelte kring om i nausta på Vestlandet. Alt i slutten av september møttest dei med Svein Arne Larsen, Åsmund Lien, Per Rød og Erik Vangnes for å drøfta kva ein kunne og burde gjera med Oselvaren. Dette var alle folk med interesse og sans for kystkultur og båtar.

LAGET VERT SKIPA

I november kalla dei så saman til møte i det gamle kommunehuset, der dei til si store glede såg at det kom vel 30 interesserte båtfolk. Her vart det vedteke å skipa eit lag – OSELVARLAGET –, og eit mellombels styre vart valt. Dette styret stod for leiinga av laget fram til det første årsmøtet i februar 1991.

Her vart det valt styre med Nilmar Søvik som leiar, og det vart laga vedtekter for laget. Talar på møtet var båtbyggjar Harald Dalland frå Tysnes. Me tek her med § 1 i vedtektene om formålet med laget. «Oselvarlaget skal ta vare på og fremja interesse for OSELVAREN som bruks- og fritidsbåt. Laget skal arbeida for å føra vidare dei handverks-

tradisjonane som er knytta til oselvarbygginga. Oselvarlaget skal også ta vare på og auka kunnskapen om verdfull kystkultur og miljø som er knytta til oselvarbåten.»

Somme spør kanskje om det er plass for endå eit lag i Osbygda i tillegg til alle dei me har frå før. Til dessar er svaret eit klårt ja. I dag har laget om lag 80 medlemmer, flest frå Os, men dessutan mange frå heile Bergenshalvøya. Ja, blant medlemene finn me endå til ei dame frå Rena og ei som bur i Belgia.

Me reknar nok helst oselvaren for ein typisk båt for fjordane på Vestlandet, men i 1950-åra bygde Alfred Søvik to oselvarar til bruk på Mjøsa. Han bygde dei noko smalare enn han pla, men elles var dei typiske oselvarar.


LITT HISTORIKK

Kor gammal er oselvaren? Ingen kan vel i dag med visse gjeva eit klårt svar på dette, men me veit i alle høve at osingane bygde båtar tidleg på 1500-talet og selde til hollendarar og skottar som kom hit til landet på tømmerhandel.

På heile 15- og 16-hundretalet vart det bygt mykje båtar i Osbygda og elles kring Bjørnefjorden, men ut på 1700-talet gjekk det sterkt attende med båtbygginga her, og i kring 1770 var det berre to menn frå Tøsdal, Lars og Jørn og sønene deira som dreiv noko nemnande med bygging. Dei bygde i nausta sine nede i Oselva, rett bak det gamle bank-

Oselvar

Storføring (10 1/2 båtaler) bygd på Drange i Os



- | | | |
|-------------------|-------------------|---------------------|
| 1. Master (f) | 14. Rorstong (f) | 27. Bakripa (f) |
| 2. Fokka (f) | 15. Rors-veiv (f) | 28. Framrong (f) |
| 3. Sprisegl (n) | 16. Söp (m) | 29. Siglingaoke (m) |
| 4. Spristake (m) | 17. Kjøl (m) | 30. Frambete (m) |
| 5. Stag (n) | 18. Framlöt (n) | 31. Midtbete (m) |
| 6. Vant (n) | 19. Baklöt (n) | 32. Hodlerong (f) |
| 7. Skjöt (n) | 20. Framstamn (m) | 33. Bakrong (f) |
| 8. Revband (n) | 21. Framhals (m) | 34. Esing (f) |
| 9. Segltofta (f) | 22. Bakhals (m) | 35. Keip (m) |
| 10. Framtofta (f) | 23. Botnabord (n) | 36. Keips-nev (n) |
| 11. Midttofta (f) | 24. Frambøra (f) | 37. Framskut (m) |
| 12. Baktofta (f) | 25. Bakhøra (f) | 38. Framrom (n) |
| 13. Ror (n) | 26. Framripa (f) | 39. Bakrom (n) |

Teikna av Bjarne Engen i 1982
etter oppmåling av Bernhard Færøyvik
i notabok 22

- | |
|-------------------|
| 40. Bakskut (m) |
| 41. Bete (m) |
| 42. Leist (m) |
| 43. Underband (n) |
| 44. Vå-ræse (n) |
| 45. Mei (m) |
| 46. Fjør (f) |

Båten er bygd ikring 1940 av Peder Johannessen Drange (1866-1955), Os. Lengd innvendes mellom stamnane 5,82 m, breidd 1,64 m, djupn 0,49 m + kjøl 0,08 m. Mast 3,53 m med diameter øvst 3 cm og nedst 5 1/2 cm.

Det var ikkje vernelist (langise) på utsida av ripa. Mange tykte langise gjorde ein båt for stiv og hefte noko når dei drog garn. På figuren er det ikkje teikna bras, eit tau frå toppen av spristaken ned til braskroken ved bakkeipen og fram til mannen på midttofta. Slakka han ikkje fort nok i sterke vindkast, var det fare for kollsigling. Av den grunn hadde brasen utnamnet «drepren».

bygget til Den norske Bank. Tøsdalsmennene laga framifrå fine og gode båtar som vart sterkt etterspurde, og som etter byggjestaden fekk namnet oselvarar. Då folk såg at dette kunne verta eit levebrød, tok fleire osingar opp att den gamle båtbyggjarkunsten. Den første av dei var Lars Kuven, og sønene Lars og Arne følgde i fotefara hans. I Lysefjorden tok Nils Drange til, og etterkomarane hans heldt kunsten ved lag i fleire generasjonar. Frå midten av 1800-talet fram til under den siste verdskrigen var det svært mange båtbyggjarar i Os, og dei gjekk saman i eit båtbyggjarlag. Mange av dei reiste på utstillingar med båtane sine og kom heim med ei rekkje påskjøningar. Ja, på landsutstillinga i Bergen i 1928 gjekk heile tre gullmedaljar og ein sølvmedalje til Os. Nils N. Søvik, Nils M. Drange og Even Drange fekk gull og Henrik Askvik sølv.


SKAL BÅBYGGJARFAGET DØY UT?

Etter den siste verdskrigen har det minka sterkt med båtbygginga i Os, og i 1980 heldt båtbyggjarfaget på å døy uheilt ut her. Det var då berre att 3 eldre båtbyggjarar som bygde oselvarar: Ole M. Drange, Nils E. Drange og Einar Kolltveit, og ingen såg ut til å vilja ta over.

Då greip krefter utanfrå inn. Bergen Husflidslag med Babben Roll i brodden kalla inn til møte på Hordamuseet på Stend for å setja i gang opplæring i bygging av oselvarar, og det synt seg å vera nok av dei som gjerne ville læra kunsten, og blant dei var Harald Dalland frå Tysnes og Nils Olav Solbakken i Austevoll – dei to som vel i dag byggjer dei finaste og beste oselvarane. Dessutan er det fleire andre medlemmer i Oselvarlaget som kan gjeva råd og rettleiing til dei som vil restaurera og pussa opp dei gamle oselvarane sine.

OSELVARAR I TELEMAR

Nilmar Søvik fortel at han no skal ein tur til friluftslinja på Distriktshøgskulen i Bø i Telemark, der han skal hjelpe elevane og læraren med å restaurera ein oselvar – ein gamal seksæring. Det finst nemleg eit levande trebåtmiljø i Seljordsvatnet, og blant båtane der finn me fleire oselvarar.



Oselvar. Færing bygd av Even Drange (1882-1962) og sonen Nils E. Drange (f. 1916.) (Foto: B.F., 1941.)

Nilmar har lært av faren og bestefaren å ta vare på oselvaren, og han er glad for at så mange unge i dag skaffar seg trebåtar som dei vil pussa opp. Sjølv ser han det som ei stor oppgåve for Oselvarlaget å registrera dei båtane som finst og å læra folk til å ta vare på dei.

I dag er mange av dei gamle nemningane mest gått i gløyme boka, og me er glade og takksame for at Øystein Færøyvik har gjeve oss lov til å kopiera ei side av boka «Vestlandsbåtar», der me finn alle nemningar for dei ulike delane av oselvaren.



Oselvo – ei lakseelv

av Sjur Veim

Laksefiske er ein spanande sport. Det er difor mange som dyrkar den, dag som natt, i den lovlege tidsbolken. At Os-elvo er ei god lakseelv, ja det veit vi. Men kva arbeid som ligg bak, for at den framleis skal vera slik, får vi nærare kjennskap til i denne artikkelen.

Sportsfiske etter laks har lange tradisjonar i Noreg – heilt frå midten av førre århundre då engelske adelsmenn oppdaga dei gode lakseelvane her i landet. Sidan den tid har laksefiske som hobby vorte meir og meir populært, og elvane i Noreg har blitt verdskjende for sitt gode fiske.

Oselvo har vel ikkje vore mellom dei mest kjende elvane, til det er ho for lita og fangstane ikkje store nok til å tevla med dei kjende elvane som til dømes Lærdal, Bolstad, Namsen og andre. Men Oselvo er kjend likevel, særleg for første laksen kvart år. Lokalt i Bergensområdet er Oselvo særst godt kjend av dei fiskeinteresserte.

MANGE LAG STÅR BAK

Oselvo er lakse- og sjøaureførande heilt inn til foten av Gullfjellet i Samdalen, omlag 2 mil frå sjøen. Ålmenta har høve til å fiska i heile vassdraget, anten ved å løyse fiskekort hos grunneigarane eller hos Os Jakt og Fiskelag eller Bergen Sportsfiskarar.


Frå sjøen og nord til fossen ved Lundetræ er fiskerettane delte – på vestsida er det Os Jakt og Fiskelag som leiger og sel kort, medan austsida vert disponert av Hauge Lakselag. Kortsal hos begge er organisert i 8 timars kort og prisane er mellom 25 og 60 kroner. Frå Lundetræ og nordetter til Tøsdal er det Bergen Sportsfiskarar som sel kort. Frå Tøsdal og heilt til Samdalen kan ein få kjøpt fiskekort hos ymse grunneigarar.

Oselvo er mest kjend som ei smålakse- og sjøaureelv. I vassdraget finst og røye, vassaure og ål. Frå gamalt av var sesongen frå 1. april til 25. september, i dag er starten 1. mai og laksefisket slutt 10. september medan sjøaurefisket held fram til 24. september.

DRAUMEFISKE VED ELVAFYLL

La oss sjå litt på korleis lakseoppgangen er i Oselvo:

I mai er det vanleg med oppgong av laks i storlei-



Parti frå Oselvo mot Lyssandhammaren.



Glade laksar ved Kvednhushølen.

ken 3 til 5 kilo, men vassføringa er heilt avgjerande for fisket. Stor elv gir god oppgong, medan lita vassføring gjer at laksen held seg i fjorden og ventar på elvafyll.

Ved første elvafyll i juni er det vanleg med første oppgang av terten, eller smålaks mellom 1 og 3 kilo. På eit slikt elvafyll kan ein sportsfiskar oppleva draumefiske i Oselvo. Etter mange si meining er elva då ei av dei beste elvane på Vestlandet. Dei som er så heldige å sleppa til i elva ein slik dag kan få fangstar som få andre elvar kan vise maken til – det er ikkje uvanleg med fangstar mellom 10 og 40 tertar ein slik dag. Men slikt fiske varer berre nokre få dagar. Når «rushet» er over må ein venta på neste elvafyll for å oppleva noko liknande. Seinare på sommaren vil det og koma oppgong av laks ved kvart elvafyll, men ikkje så store mengder som første gongen. Den vanlege laksen i Oselvo er 1–4 kilo, men det vert og tatt ein god del fisk mellom 5 og 10 kilo. Den største laksen eg kjenner til er ein 16 kilos rugg som vart tatt i fossen ved Lundetræ av Sverre Bøyum. Elles har ein under stamfiske seint på hausten fått fisk over 20 kilo.

KVA FISKEREISKAP ER VANLEG I OSELVO

Noko av det fine med elva vår er at alle typar fiskereiskap er mogleg. Den nedste delen, frå sjøen og opp til Lundetræ er best eigna for mark, men sluk og floge kan og nyttast enkelte stader. Frå Lundetræ og nordetter er det særst gode tilhøve for flogefiske. At elva er populær syner det faktum at

mellom 4 og 5000 fiskekort vert selde kvart år. Fiskelaga, i samarbeid med grunneigarane, har fleire stader sett opp benkar og små fiskebuer for å gjera det triveleg for fiskarane. No er det ikkje berre fiskarar som trivst langs med elvebredda, mange andre legg turen langs elva, og kanskje det er ein ide å få kommunen til å leggja tilhøve til rette for vanlege turgåarar langs elva.

UREININGA EIN FÅRE

Ei lakseelv i dag er utsett for mange fårar, til dømes kloakkutslepp, forsuring, groing av gyteplassar, sjukdomar på fisk, overfiske, silo og gjødse-lutslepp frå landbruket.

Oselvo er og råka av mange av desse fårane og arbeid er og har lenge vore igong for å bota på desse skadane. Fiskelaga og elveigarlaga har i mange år samarbeidd om dette arbeidet.

Når det gjeld vasskvaliteten i elva syner prøver at PH verdiane er låge i øvre del av vassdraget, medan den nedre del har etter måten bra PH. Men attgroing av gyteplassar er og eit problem – noko skuldast næringsalter frå jordbruk og bustader. Alle som fiskar i elva har merkt seg kor «grønska» gror like etter slåtten, dersom vassføringa er låg. Enkelte år har dette vore så ille at elva somme stader har vore dekt av eit tjukt, grønt algelag. I sommar var tilhøva likevel mykje betre enn før om åra, så kan hende er avrenning frå siloar mindre no. Eit heller nytt, men alvorleg problem er all opp-drettslaksen som er å finna i elva ut på seinsomma-



Os klekkeri.

ren. Ein er redd for blanding av oppdrettsfisk og villfisk, noko forskarane kallar «genetisk ureining». Oselvo er ei av tre elvar som er med i eit prosjekt for å kartleggja desse problema. I haust skal fiske-laga organisera fangst av oppdrettsfisk. Prosjektet er betalt av Direktoratet for Naturforvaltning.

For ein sportsfiskar er oppdrettslaks mest verdi-laus, og det er trist å sjå kor mykje oppdrettsfisk som går opp i Oselvo.

KLEKKERIET

For å fremja fisket i elva har det heilt sidan 30 åra vore drive kultiveringsarbeid. Det første klekkeriet vart bygd ved Lundetræ, og Jon Lundetræ var eldsjela i dette arbeidet. Klekkeriet har vore eit samarbeid mellom Elveeigarlaget og dei to fiskelaga, og i 1986 vart det bygd nytt, moderne klekkeri nedanfor fossane ved Lundetræ. Dette klekkeriet er bygd med midlar frå direktoratet og fiskeorganisasjonen, og sist men ikkje minst dugnadsinnsats frå mange ivrige fiskarar i Os og Bergen. Kapasiteten er 360.000 yngel, men så mykje har ein ikkje kome opp i enno. Eldsjelene som driv klekkeriet driv og med mykja anna som er viktig for kultiveringsarbeidet i elva. Til dømes målingar av vasskvalitet, samarbeid med Universitetet i Bergen og det forskingsarbeid dei driv på laks.

Eg trur det er rett å seia at Oselvo er noko av det viktigaste Os har av naturgoder. Eg, og mange med meg, meiner difor at alt må gjerast for at denne naturperla ikkje vert øydelagd. Det er ikkje nok at

elva får stempelet «verna vassdrag.» Livet i elva, les laksen og sjøauren, må og vernast. For å lukkast med dette må utsleppa frå landbruk og bustader ned på eit nivå som ikkje er eit trugsmål for elva. Vidare trur eg det er viktig at all utbygging langs vassdraget må ta omsyn til dette.

KVARDAGSLIV

av Jorunn Ravnskog

Vere åleine –
kor godt iblant!
Strekke ut trøytt lemer
og sende høflege manerar på ferie.
Eg tek ein slurk av helsefarleg kaffi
som smakar rund og god
trekk beina under meg i stolen
og berre er til
medan humla surrar
og oppvasken vert sur
tek ein slurk til
og frys dei skitne kleda i vaskekjellaren fast
i store haugar.
Det er tid til å vere åleine
tenkje
og kjenne: eg lever!

BARNESIDER

ved klasse 5A, 5B og 6B på Os skule

HAUST

No er hausten her
med både regn og ruskevêr.
Men hausten bring også føde,
for då kan vi hauste markens grøde.
Plommer, eple og nøtter,
åkrar fylte med kål,
poteter og gulrøter!



HAUST

No er det haust.
No kjem mørkret smygande.
No er det mange fargar å sjå.
No dett lauvet av trea.
Det gjer seg klar til ein ny vinter.
Det er haust!



HAUST

Det er kaldt, det er vått.
Det er vind frå aust og vest.
Alle går på slang,
både kort og lang.
Eg likar plommer,
og eple så godt,
at eg går der
sjølv om det er vått!



HAUSTEN

Det bles og bles
for no er hausten her.
Her er det kaldt og vått og rått.
Ja, for no er hausten her.

Vinden bles gjennom marg og bein,
og blada fell frå trea.
Ja, for no er hausten her.

Blada ser vi i mange fargar,
raude og gule, oransje og grå.
Ja, for no er hausten her.

Torevêr og regnbyger
får oss til å vera inne.
Ja, for no er hausten her!



HAUSTEN

Haust-fargar likar eg.
Oransje, brunt, grønt og gult.
Vind og regn ligg no på lur.
Og no blir det kaldt og surt.

Blada dei bles vekk.
Nakne tre står tett i tett.
Fuglane er borte vekk,
for dei frys rett og slett!

HAUST

Ja, no er hausten komen
og sommaren er over.
Det blir kaldare og mørkare,
det bles nesten heile dagen.
No må vi finna fram både
hanskar og boblejakker
og alt som er varmt.

Men noko er fint med hausten: Blada,
dei fine blada som dett frå trea.
Både gule, raude, oransje, grøne
og mange andre fargar.
Ja, noko er fint,
vi kan ikkje berre klage.



Tenk om det var sant

Tenk om det var sant,
tenk om vampyren var sant,
tenk om heksene var sant,
tenk om eventyr var sant.
Men no når eg har tenkt på alt dette,
og har blitt så trøytt,
så begynner eg å lura på om
det er sant...

Viss

Viss eg var ei mattebok,
ville eg berre ha
vanskelege reknestykke i meg.

Viss eg var Onkel Skrue,
ville eg ha
brukt meir av pengane.



Det kjekkaste eg veit

Det kjekkaste eg veit er
å sykla og å ri på ein hest i mai.
Lesabøker når det pøser ute og
å dansa og vinna i friidrett.
Å symja i torevér, (men det er farleg)
å spela fotball og handball –
å reisa på ferie
eller på klassefest med gode vener.
Mala er kjekt.



VITS:

Mor i ein vegetarianarfamilie: «Per, kom inn og et før maten visnar».

ORDTAK:

Det er betre med ei bok i handa enn ti bøker i hylla.

BOKMELDING

Mysteriet Titanic av Robert Ballard (1989).

Verdens største usynkelege skip sank på jomfruturen.

Boka er spennande og lærerik og passar best for 5.-6. klassingar. Masse å lesa på kvar side.


Ei bok eg likte godt:

«Jeg maler det jeg så» om Edvard Munch av Marit Lande.

Denne boka las eg for eg var så glad i å male. Boka handla om maling og korleis Edvard voks opp. Edvard var ikkje interessert i skulen. Han ville bare ut i det fri og male og tegne.

Mora og søstera døydde då han var liten. Det var noko som han tenkte på heile livet. Då han var ca. 18 år, begynte han å reisa til forskjellige land. Først reiste han til Paris. Der budde han på eit hotell så han kunne sjå rett ut på det fine Paris.

Edvard var plaga med noko sjukdom, så han var ikkje heilt i strøk.



Vassrett:

1. Hurtigtransport
4. Bindeord
7. Felles
9. Ytra
10. Svarord (Fransk)
11. Studere
13. Organisasjon
14. Moro
16. Ord
17. Leif Davidsen
19. Pirkete
21. Fred
22. Preposisjon
23. Lag ost!

Loddrett:

2. Vatn i ørkenen
3. By
4. Via
5. Einar
6. Jentenamn
8. Aurora borrealis
11. Doktorar
12. Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde
15. Mynt
18. Pronomen
20. Større enn ein holme og mindre enn eit kontinent



Sommardikt

Tenk å liggja heilt flat på stranda,
–å bada i lunke vatn!
tenk å eta is som smeltar
og renn nedover låret!
Kjenne vinden stryke gjennom håret –.
Tenk på solfylte sommarkveldar,
– å vakna av ein kvelande varme
midt på natta.
Tenk å sitje i ein bil og kjenna
sveiten renna nedover kroppen.
Sommaren er deilig!

Os gymnas 25 år

av Trygve Nesse



Foto: Anne-Margrethe Matre Hjemdal, Os og Fusaposten.

I august måned 1966 tok dei første to klassane til på Os gymnas. Det er grunnlaget for at vi denne hausten høgtidar 25 årsjubileum. Men planar og vedtak er sjølsagt noko eldre. I 1959 vart den såkalla Samlegymnaskomiteen sett ned. Komiteen gjorde for Hordaland sitt vedkomande framlegg om 6 gymnaskrinsar i dette fylket: Stord, Laksevåg, Åsane/Lindås, Fana, Voss og Odda. (Bergen var den gongen eige fylke). Os var altså ikkje nemnt, noko politikarane i bygda slett ikkje kunne vera med på utan vidare. Og det låg mykje dugande «korridorpolitikk» bak det vedtaket som Fylkestinget gjorde i 1963 om at Os/Fanaområdet skulle utgjera ein gymnaskrins.

Eit viktig argument for å dra Os inn i biletet, var at det burde koma eit nynorskgymnas i området, og Fana hadde alt sitt gymnas der bokmålet dominerte.

Søfteland vart alt tidleg peika ut som ein høveleg stad for eit nytt gymnas som skulle dekkja Os og Fana. Men no hadde Os søkt stønad for sine gymnasplanar hjå grannekommunane kring Bjørnefjorden. Fusa, Tysnes og Austevoll var positive til eit samarbeid, men fann det då rimeleg at det komande gymnasbygget vart plassert nærare fjorden. Og slik vart det, veit vi.

FRÅ GAMLESKULEN TIL NYTT GYMNAS

Den første rektoren ved gymnaset var Albert Kolltveit. Han hadde lang røynsle frå Fana gymnas og Rå realskule og vart ei drivande kraft bak det byggverket som etter kvart vart Os gymnas. Det gjeld både institusjonen og det reint konkrete byggverket som kom på Flåten.

Første året heldt gymnaset til i Gamleskulen i Oshaugen. Det gjekk på eit vis, trøngt kunne ein ikkje seia det var med berre to klassar og tre lærarar. Men andre året vart verre, for å sitera Jakob Sande. Gymnaset måtte ha fire klasserom og

spesialrom. Så då måtte ein søkja ut, til Fjellheim, til Sanitetshuset og til Ungdomsskulen. Tredje året skulle bygget på Flåten vera klart til innflytting, – etter planen. Men slikt går sjeldan etter planen, og skuleåret 1968/69 vart gymnaset med sine 7 klassar og mange nye lærarar nærmast eit nomadesamfunn. Det gjekk slik fram til påsketider i 1969. Då flytte vi inn i eit temmeleg uferdig nybygg på Flåten, slik at alle elevar ved gymnaset har hatt ei viss tilknytning til Flåten. Dei som i år er dei rette 25 årjubilantane, fekk rett nok nytta det nye tilværet i berre vel ein måned.

MODERNE ARKITEKTUR

Skulebygget vart høgtideleg vigsla i 1972, og det vanka då mange godord til arkitekt-ekteparet Molden, som her hadde lansert den nye byggestilen med mykje betong og lite måling. Det var så uvanleg den gongen at dei fleste reagerte mot denne «bunkereren på Flåten». Ein representant for fylket som var på synfaring ei tid før vigslinga, reagerte på denne måten: «Ja, dette kan nok verta eit fint hus, det, når det vert ferdig.» Bygget hadde då vore ferdig i mest eit år. Det verkeleg fine med denne byggemåten er at skulebygget på Flåten ser likeeins ut i dag som den gongen, det er like «uferdig» etter over 20 års bruk.

Mellom 2 og 3 tusen elevar har gått ut frå gymnaset desse åra. Kvar vår har vi ein eksamensfest for studentar og foreldre. Det vert då gjerne i høgtidelege ordelag tala om kva for god skule Os gymnas har vore for dei unge, og om kor mykje denne skulen har hatt å seia for kunnskapen og den kulturelle vokstere i bygdene her i kring.

Den som sjølv har verka ved dette gymnaset dei fleste av desse 25 åra, bør ikkje uttala seg om sanningsgehalten i slike festtalar. Vi må vel likevel ha lov å seia at vi vonar og har ei viss tru på at det er noko i det.

Lokalsamfunnet endrar seg

– om fugleliv og miljø i Os –

Samtale med Helge Haukeland ved Bente Bratlund Mæland



Helge Haukeland i arbeid.

Levande engasjert er han i det som går føre seg av dyre- og fugleliv både på sjø og land, osingen Helge Haukeland. Han har vel finkjemma dei fleste marker, øyar, holmar og knausar i bygda vår. Med kameraet og stort tolmod har han fanga inn verdfulle blinkskot, og han har samla seg kunnskap og røynsle på området.

Ofte tenkjer ein ikkje heilskap, seier Helge Haukeland. Han er sterkt oppteken av at mange ting i nærmiljøet spelar inn på opp og nedgangen i dei ulike dyre- og fuglestandar. Han viser til at einskilde standar av dei vi har hatt her i bygda er minka sterkt, medan andre har auka.

SJØFUGLANE

– For nokre år sidan var det store koloniar av terne og andre sjøfuglar på holmane utfor Os. Ofte 30-40 par. På dei siste ti åra har dette talet gått dramatisk tilbake. Hovudgrunnen er truleg at minken tar ungene, seier Helge. Han gjorde eit forsøk

for eit års tid sidan med å fanga mink i Haugland-sområdet. Den sommaren gjekk det bra med standen. Dette året fanga han ingen mink, og minken raserte holmane, noko som førte til stor tilbakegang. Dessutan trur han nok at kloakkutslippet kan ha stor innverknad. Algeveksten har auka, det ser ein tydeleg ved land. Det er tronge pollar i Os, og områda blir meir og meir forureina. Ein annan ting er den sterke auken av ferdsle med båt. Sjøfuglane blir skremde.

Sjøfuglane er truga i Os, seier Helge Haukeland. Han trur det kunne vore ein tanke for miljøvern-avdelinga i fylket å skjerma hekkområda for mink. Det burde ikkje bli for kostbart, for områda er små. Det berikar skjergarden med ternar og måse, og det er trist når desse fuglane blir borte.

ARTAR SOM BLIR BORTE

Det er ein del fuglar som nesten er blitt borte frå områda i Os, fortel Helge. Han viser til at




Havørn – kanskje eit framtidig syn i Os?



Orrhanespel i Øvredalen. Det tok Helge Haukeland 14 dagar å ta dette biletet. 200 meter bortanfrå løyste han av kamera med linsa 10 cm frå orrfuglen.



Rødnebbsterne i Halhjemsområdet.



Endringar i vegetasjon og landskap har ført til at dette ikkje er eit sjeldant syn i Os-bygda no. Det er blitt stadig fleire hjortar å treffa på i området.

det tidlegare på heimplassen hans, Haugland, var fint kulturområde. For ti år sidan kunne ein der sjå flokkar på 30-40 svaler på strengane i området. Det var svaler på alle gardane. No er svalene borte, berre få par att. Ein annan sjeldan fugl, åkerriksa, hekka også tidlegare i kulturområda på Haugland, men er no ikkje å sjå.

Så er det den staselege fuglen, hubroen. For ein del år sidan kunne vi ofte høyra hubroen i Os, fortel Helge. I dag er denne fuglen nesten borte. Grunnen er kraftleidningane som står kringom i bygda vår. Dei fungerer som eit fangnett for hubroen som flyg på høgspenteleidningane og blir uttrydda.

ARTAR SOM AUKAR PÅ

– Vi har også artar som aukar på hos oss. Orrfugl og tiur er av dei, seier Helge Haukeland. For ti år sidan opplevde han 2-3 fuglar på område der han i år opplever 10. Men frå 1940 fortel dei i Øvredalen om 40-50 orrfuglar med i leiken, så det er ein ikkje komen opp i, smiler Helge. Han synes det er positivt at denne standen tar seg opp, då orrfugl og tiur er jaktbart vilt. Fare ser han i det om for mange orrhøner blir skotne. Det er svært mange jegarar samla i Os.

SENSASJONELL VITJING

I fjor var det eit havørnpar i kjønnsmoden alder som heldt seg i området i Os i 3 månader, fortel Helge Haukeland med entusiasme.

– Dette er ganske sensasjonelt, slår han fast.

– Det er truleg hundre år sidan sist eit havørnpar slo seg slik til i Os. I 1954 hekka det første havørn-

paret på 100 år i Hordaland. Neste gong havørn hekka i området var i 1985. Sidan har det vore opp til 8-10 havørnpar som har hekka innan fylket. Det fortel litt om kor selebre gjestar det var som vitja Os. Truleg kunne området her ha vore eit hekkingsområde for havørn, men den store ferdsla på sjøen seint på våren gjorde vel sitt til at havørnparet drog vidare.

SAMANHENG

– Hjort fans det nesten ikkje i Os for nokre tiår sidan. No, dei siste åra har standen auka veldig på. Det kan koma av at vegetasjonen og landskapet endrar seg. Tidlegare var det meir open, fin fureskog. Sauer og andre dyr som gjekk i utmarka heldt vegetasjonen nede. No er det grodd til, lauvskog tar overhand. Dette er betre næringsgrunnlag for hjorten, seier Helge.

– Endringar skjer heile tida. Vi tenkjer kanskje ikkje over det, men heile lokalsamfunnet endrar seg. På ein tiårsperiode skjer mykje i miljøet.

Helge Haukeland vil ikkje underslå at mange negative ting skjer med miljøet også her i Os. Det blir ikkje alltid tenkt heilskap.

– Tidlegare undrast eg ofte over at så mange måsar samla seg utfor Essoen på Os, så fekk eg vita at det er her kloakken frå Os kjem ut, seier han og ristar på hovudet.

Måsane gassar i seg, og dei som lever av måsar, t.d. hønsehauken, får vidare i seg giftstoffa. Dermed blir gifta ført vidare, noko som fører til at egg gjerne ikkje blir befrukta, eller dei blir skada. Alt står i ein samheng...



AVSKIL

av Jorunn Ravnskog

Det var kulde i lufta
då vi skildes
men vi ensa det ikkje.
Varmen i oss var sterkare enn kulda.
Avskilsorda kløyvde lufta
og vart hengande mellom oss
medan hjartevarmen
slo regnboge
frå meg til deg.

KVELDSTANKAR

av Jorunn Ravnskog

Sumarkvelden
var varm og mjuk.
Som ein linn barneange
steig han opp frå nyslått gras.
Eg varma mine frosne tankar
i Guds kjærleiks Ande
medan graset på marka
bøygde seg mot solvarm jord.



VENTING

– til irritasjon eller inspirasjon
av Øyvind Hobberstad

Etter nokre konferansedagar i Trondheim var eg fredag ettermiddag på veg heim. Eg er mellom dei som ofte tykkjer at det beste med å reisa, det er å koma heim att. Difor sveiv det vel ikkje stort anna i hovudet mitt, der eg sat i avgangshallen, enn eit ønske om at flyet mitt skulle bli ropa opp snøggast råd var.

Humøret var difor ikkje på topp då meldinga over høgtalaren ikkje sa noko om flyavgang; tvert om gjekk annonseringa ut på at avgangen ville bli ein god del seinare enn ruteplan og billett fortalde om.

MEIR VENTING

Langt om lenge fekk vi likevel ta plass i flyet. Etter ein ny periode med uroleg fredag-ettermiddag-venting kom det ny melding: På grunn av teknisk feil måtte passasjerane forlata flyet, men det skulle ikkje ta så lang tid å reparera skaden. «Godt at vi oppdaga feilen før vi var i lufta», sa kapteinen. Det var visst ingen av oss direkte usamde med han i, sjølv om det nok var dei færraste av passasjerane som var særleg mottakelege for (galgen-)humor nett då.

Kafeteriaen fekk i alle fall selt ein del kaffikoppar då vi igjen var tilbake i avgangshallen. Neste annonsering over høgtalaren gjekk ut på at feilen var større enn dei frå først av hadde oversyn over. Vi måtte venta på eit nytt fly. Det ville ta noko lenger tid enn det som var kunngjort tidlegare. I mellomtida var det flyet som i følge ruteheftet hadde avgang etter vårt, i lufta og på god veg mot Bergen.

Eg kom heim den kvelden også.

I ettertid kan eg sitja her og fundera på om irritasjonen min hadde noko slag positiv effekt. Kva oppnådde vi eigentleg ved at vi sat der i avgangshallen og fortalte til kvarandre kor håplaus dette flyselskapet var, og at neste gong kunne vi visst like gjerne ta tog, og eg veit ikkje kva det elles var av eddik-smakande utbrot som kom.

Desse timane på flyplassen i Trondheim vart korkje produktive eller velgjerande. Men kanskje feilen var min, snarare enn Braathen sin? Kanskje det var min eigen toskeskap som hindra meg i å gjera meg nytte av desse ettermiddagstimane?

EIN ANNAN VRI

Anten eg likar å vedgå det eller ikkje, så var det ein politikar som fekk meg til å tenkja attende på denne vesle hendinga, og på mange andre liknande opplevingar. Person- og partinamn nemner eg ikkje.

Denne politikaren sa nyleg i eit intervju at han ikkje vart det minste irritert om køyreleidningen fall ned under ein togtur, og toget måtte stå stille i fleire timar. Då har ein lovleg orsaking, sa han. Og ikkje nok med det. Medan konduktøren seier seg lei for uhellet, smiler eg med heile kroppen, la han til.

Det fanst visst ikkje smil, korkje kring munn eller i auge då eg sat i Trondheim og surmula.

Han hadde ei grunngjeving for tolmodet sitt, denne politikaren med det forargeleg gode humøret. I det hektiske livet vi fører, er det svært viktig for meg også å få tid til å tenkja og lesa, sa han.

Det kunne vel eg også ha nytta ventetida til, i staden for å ta imot og gje stadfesting på kor lite flyselskap er til å stola på. Eg skal prøva neste gong!

– DEN LANGE TIDA ETTERPÅ –

Eg kom til å tenkja på ein lærar frå ungdoms studiedagar. Han var uheldig og braut eit bein – og vart difor tvinga til eit fleire veker langt fråvær frå undervisninga. Då han var tilbake på kateteret sa han seg lei for fråværet, men så la han til: «Når man kan unnvære en den lange tiden etter ens død, så må det vel også la seg gjøre under noen ukers sykefravær».

Kanskje det er eit perspektiv som kan gje oss eit nyttig korrektiv når vi trur at verda vil ramla saman dersom ikkje alt går slik som vi har planlagt.

(Frå serien «Laurdagseapistlar» i Os & Fusaposten 1987-88.)



Os Aero Klubb rundar 45 år

av Lars Skorpen

Når Osingen i år gjev ein stutt presentasjon av Os Aero Klubb, synest vi det er naturleg å lata Lars Skorpen ta seg av presentasjonen. Han er son til initiativtakaren og første formannen, Annanias Skorpen, og han har sjølv vore formann og instruktør i ei årrekke.



Skuleflyging. Ulvenvatnet 1972. Frå venstre: Øystein Heggland (elev), Lars Skorpen (instruktør). (Foto: Hilmar Flaterås).

Os Aero Klubb er i dag ein av dei største og mest veldrivne flyklubbane i landet. Klubben har eige anlegg med grasstripe, hangar, vedlikehaldslokale og klubbhus. I hangaren står dei skinande blanke glasfiberseglflya saman med eit litt tilårskome slepefly.

Hovudaktiviteten til OAK har vore og er framleis seglflyging, denne lydlause leiken under skyene. Men klubben har også ei stor og aktiv modellflygruppe som set sitt preg på miljøet på Ulven.

Dersom ein fer framom flystripa ein vårsøndag med «blomkålskyer», bør ein gje seg tid til å stoppa opp og studera det som foregår. Eit seglflyslep tek av. Seglflyet løyser ut, svingar seg opp under kvite cumulusskyer og kverv i synsrande. Motorflyet landar for å dra neste mann i veg. Instruktør, bakkesjef og loggførar er på plass. Alle kjenner ansvaret sitt. Det sprakar i bakkeradioen. Eit seglfly er på veg

inn for landing. Det kan vera interessant å trekkja nokre trådar attende i tida for å sjå korleis dette blomstrande flymiljøet på Ulven har vakse fram.

DEI FØRSTE ÅRA

Den nyvunne freden var berre blitt vel året då 15 ungdomar møttest på Osøyro for å skipa flyklubb. Initiativtakaren og formannen dei første åra, Annanias Skorpen, hadde alltid vore oppteken av fly og flyging. Han tok sporadiske flytimar i 30-åra så langt sparepengane rakk, men så kom krigen imellom. No følte han at det hasta, han nærma seg 40. Han samrådte seg med Leif Lyssand som hadde vore Spitfire-mekanikar i England under krigen. Og saman sette dei glød i ungdomane som møtte fram denne fredagskvelden, 5. juli 1946. Namnet blei det noko pretensiose Os Aero Klubb. Men det var langt fram - - -

Flyging er plasskrevjande og etter måten dyrt. Og pågongsmotet til pionæra i Os Aero Klubb vart rett som det var sett på prøve utetter 50- og 60-talet. Ofte vart det eitt skritt fram og minst to tilbake, stund imellom låg verksemda nede.

På ettersommaren 1948 kom OAK i kontakt med nokre flyentusiastar frå Rubbestadneset. Dei hadde så å seia bygd ferdig ein skuleglidar like før krigen. Ein glidar er eit enkelt, ope seglfly med bardunar på kryss og tvers. For ein billeg penge vart glidaren henta til Os. Sjølv om OAK no var flyeigar, gjekk klubben inn i ein dvaleperiode som varte til inn på 50-talet. «Glidflyet står enno på sin gamle plass og gisper etter luft,» les vi i årsmeldinga for 1950.

EI VITAMININNSPRØYTING OG EIT SNØFALL

På denne tida kjem klubben i kontakt med ein bergensar som var ein av seglflypionerane i Norsk Aerko Klubb i 30-åra. På kort tid får han dei autorisasjonar som trengst inkludert instruktørløyve underskrive av sjølvaste Bernt Balchen. Rolf Rasmussen er som ei vitamininnsprøyting for klubben, og flyet blir klargjort. Endeleg kjem søndag 11. februar 1952: «Rasmussen satte seg i cockpiten, og en wire ble festet til bilen, og så begynte tauingen. Første prøve forløp uten noe særlig resultat. Men så kjørte vi helt fra Ulven, og da tok den av. Den var i luften ca. 20 sekunder på første prøveturen, landingen gikk flott, og flyet var ikke stoppet før det var omringet av folk, så isen gav et kraftig brak fra seg».

Klubben hadde bokstaveleg talt fått luft under vengjene. Og på medvindsbølgja blei det no innleia eit godt samarbeid med ein militær flyklubb innafør Brigade 522 som kom frå Tyskland til Ulven med eigen glidar.

Men all framgong ser ut til å ha sin pris. Ei vinternatt midt på 50-talet vart Ridehallen som tyskarane bygde like innanfor porten til Ulven leir, nedbroten av tunge snømassar. To glidarar og resultatet av ti års slit låg i ruinar.



Glidflyging. Ulvenvatnet 1952. Frå venstre: Rolf Rasmussen, Olav Hanssen, Ingolf Vindenes. (Foto: Asbjørn Nicolaysen).



Dugnad: Grunnmuren til hangaren blir støyt 1976. Frå venstre: Asbjørn Nicolaysen, Johannes Heggland, Lars Skorpen. (Foto: Svein Døsen).

Men dei få medlemmane gav ikkje opp. Fleire fly kom til Os dei følgjande åra. På førjulsvinteren 1960 kom glidaren som heng som dekorasjon i hallen på Flesland. Flyginga føregjekk for det meste vinterstid på Ulvenvatnet, og startmetoden var ein kraftig motorvinsj med 1000 meters vaier. Herdla, Flesland og Bømoen på Voss vart også stund imellom nytta som basar. Med utruleg pågongsmot heldt medlemmane fram med denne ambulerande verksemda. Men på byrjinga av 60-talet måtte ein innsjå at ein fast base var avgjerande for klubben på sikt.

VAKSINEN FLYSTRIPE

Fleire meir eller mindre høgtflygande fantasiprojekt vart drøfta, men ein landa til slutt på Ulven. Kontraktar med Statens Skogar og Hordaland Infanteriregiment nr. 9 vart inngått på midten av 60-talet. No kunne ein gå i gong med grøfting av den blaute myra på Vaksinen. Det vart eit svært omfattande dugnadsarbeid som vart sett i gong. 15 mål myrjord skulle grøftast, planerast og såast til. Flyentusiastane følte seg som hagelagsmedlemar, og flyging vart det lite av i siste halvta av 60-åra.

Formannen på den tida, Helge Krossøy, var pådrivar i flyplassarbeidet. Han har mykje av æra for at ein etter fleire års slit augna lysning i horison-



Eleganse. Glasfiberseglfly på Vaksinen 1991. (Foto: Jan Ivar Berg).

ten. Kveikt av optimismen som no rådde, reiste ein delegasjon til Aachen i Vest-Tyskland vinteren 1972-73 for å henta heim klubben sitt første 2-seters seglfly. Slepefly vart også trylla fram. Medlemene var tydelegvis utolmodige.

EIGNE FLY OG HEIMEAVLA FLYGARAR

Så kjem denne seinvinterdagen, 27. mars 1973. Eit seglflylep tar av på Vaksinen og stig langsamt mot horisonten i vest. Klubben er for første gong i lufta med eige flymateriell frå eiga flystripe og til overmål med heimeavla flygarar bak spakane – Jacob Lyssand og Lars Skorpen. Det er ein av desse vanlege småsure dagane midt mellom vinter og vår, men for OAK verkeleg ein merkedag. Neste store løft var å få opp hangar for å kunna ta vare på fly og utstyr. Igjen var det dugnadsprinsippet som rådde grunnen i OAK, og klubben tok på seg rivingsarbeid for å skaffa materialar til reisverk og tak. Og midt på 70-talet kunne ein trilla flya under tak i eigen hangar.

Frå no av skaut utviklinga verkeleg fart. Med bort imot heilårsdrift og stadig utviding av flypar-

ken auka aktivitetsvolumet kraftig på slutten av 70-åra og utetter 80-åra. Dette stilte store krav til vedlikehald av fly og utstyr og utdanning av nøkkelpersonell som instruktørar og teknikarar.

Medlemene vart etter kvart leie av å vera på legd rundt om i bygda med vedlikehald, møteverksemd og undervisning. Tidleg på 80-talet var endeleg tida inne til å setja opp tidsmessige vedlikehalds- og klubblokale. Med kontinuerleg drift og difor jamn inntekt gjennom fleire år, hadde ein økonomi til å realisera dette. Det hadde vore ein lang veg fram. Siste steinen på byggverket var lagt.

Vi er tilbake på Ulven i 1990-åra og møter ein flyklubb som verkeleg har vist seg å vera liv laga. Klubben tel i dag omlag 160 medlemar og gjennomfører lett opp under 1500 seglflystartar årleg. Modellflygarane er også svært aktive og stod i 1991 som NM-arrangør.

Harald Thunold er leiar for Os Aero Klubb i jubileumsåret. Frå det flotte anlegget på Ulven dreg stundimellom ein og annan av dei mest aktive land og strand rundt på tevingar. Dei set Osbygda på flykartet.

Ein europameister frå Øyane

av Henning Henriksen



Rebecca Bruarøy og broren Cato (t.v.) og Oddbjørn Aspenes (T.H.). Foto: Monica Nordland, Os og Fusaposten.

Det er ikkje kvart år Øyane får ein europameister, men i fjor hende det utrulege at ein attenåring, Rebecca Bruarøy gjekk til topps i karate. Det låg mykje hard trening bak dette meisterskapet. Ho hadde drive med denne idrettsgreina i om lag 6 år.

Alt tidleg hadde broren Cato prøvd å overtala henne til å vera med på trening, men ho meinte at karate berre var noko for gutar og menn, og kor mykje Cato maste på henne, så hjalp det ikkje.

Då ho var 12 år, spurde nokre av klassevenninnene henne om ho ville vera med dei og læra korleis kvinner kunne forsvare seg. Ho syntest dette høyrdest interessant ut, og lite ante ho at det var nett det same Cato ville ha henne med på.

No har ho brunt belte (3 kyu), men må enno ta to brune belte før ho kan prøva seg på svart belte som er det aller gjævaste.

Ho har fram gjennom åra vore med i mange tevlingar, og i 1989 vann ho NM i WADO – ei av greinene i karate. Men høgdepunktet til dessar var utan tvil EM i London sist haust, der ho vann gull i sin klasse og fekk sølv i open klasse.

TRENING OG DISIPLIN

Eg spør henne korleis ho som attenåring kunne nå så langt, og ho svarar at det er to personar ho særskilt er stor takk skuldig. For det første er det trenaren Mistic frå Jugoslavia, og for det andre hennar eigen bror Cato som har vore hjelpetrenar.

I karate vert det lagt stor vekt på disiplin og på lojalitet mot trenaren. Den som ikkje vil underkasta seg den strenge disiplinen, har inga framtid i karate. Rebecca trur at det er best å ta til med karate i 11-12 årsalderen, for då er ein så mogen og vaksen at ein kan makta å konsentrera seg og enno så ung at ein har evne og vilje til å lyda trenaren fullt ut.

Ho tvilar litt på om sjuåringar har stor nok konsentrasjonsevne, og ho er heller ikkje sikker på at ungdomar flest så lett kan underordna seg ein sterk trenar og ein streng disiplin når dei er komne opp i 20-års alderen.

På spørsmål om kva ei graderingshelg er, svarar ho at det er ei helg med 3 dagars hard trening, og der ein til slutt kan prøva seg på eit gjævare belte enn det ein har frå før.

FRAMTIDSPLANAR

Rebecca går no på Bedriftsøkonomisk Institutt i Bergen og har fått seg hybel i byen. BI er ein hard skule med mykje heimearbeid, og det kan difor verta vanskeleg å finna nok tid til trening. Det var nok lettare med trening dei tre åra ho var elev ved Os gymnas.

Ho vil gjerne reisa til Dublin til EM dersom det berre ikkje går ut over studiet, for noko av det viktigaste etter hennar meining er det å skaffa seg ei solid utdanning.

Neste haust skal EM i karate haldast i Genova i samband med det store Marco Polo jubileet. Rebecca synest det må verta ei stor og ugløymande oppleving å få vera med ved 700 års minnet for at Marco Polo tok til på heimreisa si frå Kina og Mongolia, men det er nok EM i karate som lokkar mest.

Det er eit godt og inspirerande karatemiljø i Os, og at breidda er stor syner resultatata frå EM i fjor. Då Rebecca vann gull, tok bror hennar Cato sølv, og ein annan osing, Oddbjørn Aspenes fekk bronse.

Kor mange andre idrettsgreiner i Os kan syna til slike resultat?

TREFF **FOTO**

FOTO LABBEN I
OS GLASSMAGASIN
Flåten Senter - 5200 Os
Telefon 30 11 69

Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.

Innramming av bilder - maleri - posters -
stramei - kunstbroderier etc.

OS
GLASSMAGASIN AS

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først
med det siste».

Forhandler for:

Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).

arkitektkontoret

ARBO AS

AREAL- OG TRAFIKKPLANLEGGING – ARKITEKTUR OG INTERIØRARKITEKTUR
BRUGANGEN, 5200 OS – TELEFON (05) 30 11 21

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s byssand  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret:

Leiar: Anne-Margrethe Matre Hjemdal
Styremedl.: Henry Lunde
Kasserar: Wanda Aarseth
Styremedl.: Berit Skorpen
Skrivar: Åsta Underhaug

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



ØSTLANDSKONSULT A/S

RÅDGIVENDE INGENIØRER

AVD. OS
Bjørnegården, Postboks 29, 5201 OS
Tlf. (05) 30 06 90 - Fax (05) 30 24 74

ØK er eit frittstående, rådgjevande ingeniørfirma med 10 regionkontor og 9 avdelingskontor.

Vi tilbyr rådgjeving og prosjektering innan fagområda:

– VAR-teknikk, byggteknikk, byggjeleing, feltutbygging, prosjektleing m.v.



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Ring tlf. (05) 30 53 14 - 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. (05) 30 16 17

Mobiltlf. 090 67 935 - Mobiltlf. 090 51 831



Skal du pusse opp?

Kjøp verktøyet nå!

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok der du kan kosa deg med ei bok.

Me har også seng og bord, både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Sjøteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

TELEFON: (05) 30 92 92 - MOBIL-TLF. 090 68 248

5212 LYSEKLOSTER



Sag og høvleri

ALT TIL
GUNSTIGE
PRISER


*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55
Kontor: (05) 30 15 83
Mobil: 090 71461

Vil du ha ein festleg kveld,
kom til Solstrand Fjord Hotel.
Skal du feira bryllaupsfest,
er vårt tilbod sikkert best.



Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 272 - 5201 Os - Tlf. 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80

*Roser og
dekorasjonsplanter*

Erling og Terje Lunde's Gartneri

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28

Når målfolket skal ut å fara
ja, kanskje heile verda sjå.
Må dei først få rette vara.
Billetter frå . . .



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90
TELEFAX (05) 30 27 01

**Når du treng BORD ELLER SENG
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS
Kom til møbelsenteret på Os**



Telefon: (05) 30 04 80

**Løysing
på
kryssord**



1	T	2	O	3	G	4	O	5	G	6	A
	7	A	L	L	M	E	N	8	N		
	9	S	A					10	N	O	N
11	L	E	S	12	E			13	I	R	A
E		14	G	Ø	Y			D			
16	G	L	O	S	E			17	L	18	D
A		W		19	N	20	Ø	Y	E		
21	R	O		22	I			23	Y	S	T

Osingar:

*Dersom du ikkje alt er
FOM - kunde, så bli det.
Prøv våre reisetilbod,
tenk miljø og økonomi.
Vi har også turvogner,
limoussinservice og
godsvogner.*

Ring 30 06 10



BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L

*Me har alt det som du søker
av skrivesaker og av bøker.*

M. K. OLSEN

BOK- OG PAPIRHANDEL A.S

5200 OS

Telefon: (05) 30 04 30

*Blomar og plantar
av mange slag,
til kvardagsbruk
og i festleg lag!*



Halhjem Gartneri

Tlf. 30 51 78



GJENSIDIGE
Vest, avd, Os

RENTEBØRSEN


Lån til bolig fra 11,7%

Lån til bil fra 14,0%

Sparing med verdikonto 11,0%

Avtal tid, eller kom gjerne innom for en helt
uforpliktende prat.

Kontor Os, tlf. 30 04 88



*På Flåten Senter finn du alt
frå moteklær til smør og salt.
Der kan du gå i ro og mak
og handla etter råd og smak.*

FLÅTEN  **SENTER**
...har alt!

Tlf. 30 03 50

No har me flytta
frå gamle lokale
inn i det nye
Sentrumskvartalet.
Men vareutvalet
er som før.
Trenng du noko,
så kom og spør!

S. TVEDT A/S

5200 OS – Telefon 30 10 10

ØKONOMI

**ØKONOMIKONTO ER BRUKS-
KONTOEN FOR DEG SOM ER
KOSTNADSBEVISST**

**EIN GOD GRUNN TIL Å
SKIFTA BANK!**

Meir enn 35 000 kundar nyttar seg
av dei spesielle føremonene på
Økonomikonto!

- Spar årsgebyr på miniBank-kort
- Spar gebyr på bruk av kort
- Spar porto på GiroService
- Spar gebyr på faste oppdrag
- Høgare rente enn vanleg lønnskonto

Kom inn og lat oss fortelja
deg meir om Økonomikonto.

*Velkommen
til oss!*

SPAREBANKEN  VEST